



Arkivsak-dok. 18/00945-39  
Saksbehandler Kari Mostad

Saksgang  
Utval for nærings- og tiltaksarbeid

Møtedato

## **HØYRINGSSVAR - NY FORSKRIFT OM TILSKOT TIL TILTAK I UTVALDE KULTURLANDSKAP I JORDBRUKET OG VERDSARVOMRÅDA VEGAØYAN OG VESTNORSK FJORDLANDSKAP**

Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren, representert ved Landbruksdirektoratet, har på vegner av Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet sendt ut forslag til ny forskrift om tilskott til tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap på høyring. Forskrifta skal setjast i kraft 1.1.2020. Forskrifta omfattar tilskot til utvikling av landbruk i verdsarvområdet og hovudendringa i forskrifta gjeld flytting av kompetanse frå fylkesmannen til kommunen for å fatte vedtak. Høyringsfrist er sett til 16.sept.

### **Administrasjonen si innstilling:**

Vestnorsk fjordlandskap omfattar ein del av Voss kommune, og Voss kommune uttalar seg i høyringa om det som gjeld verdsarvområde i forskrifta.

Målsettinga med verdsarvområdet er vern om natur og kulturarv. I dette er aktivt landbruk svært verdifullt for å ivareta verdiane i verdsarvområdet i vestnorsk fjordlandskap. Verdsarvområda er marginale og krevjande område for moderne landbruk. Særskilte tilskot til framhald i landbruksdrift er difor viktig for å oppretthalde drift og kulturlandskap.

Sidan opprettinga av verdsarvstatusen er det Fylkesmannen som har hatt ansvar for utarbeiding av planar, søknadsbehandling, tildeling av midlar, evaluering og oppfølging av landbruksføretaka. Dette er ei rolla som har fungert godt og som føretaka sjølv har sett på som tenleg, og Voss kommune har vore nøgd med. Ved overføring av oppgåvene frå Fylkesmannen til kommunane er det viktig at Fylkesmannen framleis har ei sentral rolle.

I høyringsnotatet kjem det fram fylgjande oppgåver som kan bli overført til kommunane:

- Lokal koordinator
- Initiere tiltak

- Ansvar for utarbeiding av planar
- Søknadsbehandling og utbetaling av tilskot
- Rettleiing av og kontakt med grunneigarar/driverar o.a.
- Inngå avtaler
- Budsjett, rapportering og kontroll

I høyringa er det poengtert vedr. økonomiske og administrative konsekvensar av overføring av oppgåvene at ein kritisk faktor for vellukka overføring til kommunane er at kommunane har kapasitet og kompetanse på området. Med dei nye kommunale oppgåvene må det difor følgje midlar slik at kommunane har kapasitet til å følgje opp.

Ved overføring av oppgåvene til kommunane vil det medføre at landbruket i Nærøyfjorden verdsarvområde i prinsippet skal følgast opp av fleire kommunar. Ein risikerer då å miste noko av heilskapen i forvaltning av området og samtidig som dette fører til ei auke i administrasjonen.

For Voss kommune er det tre føretak i Nærøydalen som ligg i verdsarvområdet, og vi meiner det ikkje er formålstenleg at forvaltning av landbruket i området vert delt mellom fleire aktørar. Ein risikerer å miste noko av heilskapen i forvaltning av området og samtidig auke administrasjonen av landbruket i verdsarvområdet. Det er difor viktig at det i framtida også vert sikra ei heilskapleg forvaltning av verdsarvområdet gjennom eit felles organ for heile området, der ein ser på heile verdsarvområdet og i fellesskap forvaltar tilskot og oppfølging av føretaka og sikrar utvikling av landbruket. Det er og nødvendig at eksisterande spisskompetanse og engasjement for forvaltning og utvikling av områda vert vidareført. Fylkesmannen bør difor framleis ha ei viktig rolle med rettleiing og kontakt med grunneigarar og føretak. Fagleg oppfølging og deltaking i fagmiljø er viktig for engasjement og pågangsmot for dei som driv landbruket, utover det å motta tilskot.

### **Vedlegg:**

{Disarmed} 19\_27640-1 Høringsbrev - Forslag til ny forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap.msg

Høringsbrev - Forslag til ny forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte ku(1).pdf

Høringsnotat - UKL og verdensarv .pdf

## **Fakta om saka:**

Verdsarvområdeordninga over Jordbruksavtalen vart etablert i 2008. Klima- og miljødepartementets midlar til verdsarvområda vert fordelte over andre postar på Klima- og miljødepartementet sitt budsjett.

Ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket vart etablert i 2009 basert på eit samarbeid mellom Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet med midlar over Jordbruksavtalen og Klima- og miljødepartementet sitt budsjett

Frå 2017 har dei to ordningane hatt éi felles forskrift, men med ulike føremål. I dag er det to område som er innanfor tilskott til verdsarvområda under Jordbruksavtalen og 44 område er med i ordninga under Utvalde kulturlandskap i jordbruket. I 2020 vil ytterlegare to område etter planen bli inkluderte som utvalde kulturlandskap. Om lag 50 kommunar er involverte i dei to ordningane pr. 1.1.2019.

Landbruksdirektoratet, Riksantikvaren og Miljødirektoratet fekk frå Klima- og miljødepartementet (KLD) og Landbruks- og matdepartementet (LMD) i brev datert 20. november 2017 i oppdrag å foreslå endring av gjeldande forskrift som følgje av at oppgåver frå fylkesmannen vert overførte til kommunane i 2020. Samstundes skulle direktorata klargjere dei ulike forvaltningsnivåa (direktorat, fylkesmenn, regional kulturminneforvaltning og kommune) sine roller og ansvar knytt til forvaltninga av tilskottet innanfor Utvalde kulturlandskap i jordbruket og dei to verdsarvområda i dag og kva for konsekvensar endringa vil medføre frå og med 2020. Direktorata leverte utgreiinga *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområder: Overføring av oppgaver til kommunene i 2020* og utkast til ny forskrift i november 2018.

Desse områda har betydelige verdiane knytt til jordbrukets kulturlandskap, og disse verdiane vil i stor grad bli svekket dersom det aktive jordbruket minkar eller sluttar heilt. Norge har forplikta seg internasjonalt til å ta vare på disse verdiane. Formålet med tilskot til tiltak i verdsarvområder er å styrke landbruket i områda, og tilskot kan løyvast til tiltak som sikrar fortsatt drift og skjøtsel i områdene. Tiltaksplaner for de to områdene ble til etter samarbeid mellom fleire departement og lokale aktørar i verdsarvområda. Det er ei føresetnad at midlane som vert tildelt i jordbruksavtalen vert sett i samheng med virkemidlar frå Miljødirektoratet, Riksantikvaren, fylkesmannen og fylkeskommunen, og at det er eit tett og godt samarbeid med andre involverte parter i verdsarvarbeidet. På regionalt nivå har fylkesmannens landbruksavdeling rolla som koordinator og tilskotsforvaltar på vegne av staten. Kommunen har også ei sentral rolle som tilrettelegjar og kontaktpunkt. I 2019 er det avsett 7,5 mill. kroner i jordbruksavtalen til verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap.

Den nye forskrifta representerer ikkje noko endring i formålet til tilskotsordninga, eller endring i type tiltak det kan søkast tilskot for. Aktuelle mottakarar av tilskot vil vere det same som i dag.